

Årsmelding frå Fjelberg og Eid sokneråd 2020

Soknerådet

Verva i soknerådet er fordelte slik:

Heidi Thomassen Sjø, leiar

Gunn Judith Dale, nestleiar

Mette Eide Hvidevold: skrivar

Kristin Isdal: styremedlem

Hanne Marie Sætre: styremedlem

Laila Sjø: styremedlem

Janicke Eide: 1. varamann styremedlem og representant til Kvinnherad kyrkjelege fellesråd.

Kitty Tofte: 2.varamann

Anita Jordal: 3. varamann

Anne Berit Øvrevik: 4. varamann

Soknerådet har i 2020 hatt 6 møter og handsama 63 saker.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det vart halde til saman 45 gudstenester i soknet. Av desse var 35 på søndag og helgedagar og 10 på andre dagar. Det var til saman 41 gudstenester fordelt på Fjelberg og Eid kyrkje, og i tillegg 1 gudsteneste i Høylandsbygd bedehus og 1 gudsteneste på kaien på Borgundøy 4. søndag i advent, denne var i staden for å syngje jula inn og julaftangudsteneste. Det vart halde 2 andaktar med nattverd på Halsnøytunet. Desse vert rekna som gudstenester. I tillegg har det vore 6 andaktar utan nattverd.

Det har vore eit redusert tal på gudstenester gjennom året pga. pandemien. Høgtidsgudstenesten i påska og julaftangudsteneste vart ikkje gjennomført i år. Det vart halde gudstenester i pinsa, 1.juledag og nyttårsafta. Elles har det vore vanlege gudstenester, men familiegudstenester gjekk ut p.g.a. korona. Det har ikkje vore friluftsgudstenester (utanom Borgundøy) og Halsnøy skule kunne ikkje delta på julegudstenester pga. vanskeleg å gjennomføre med smittevernsreglar for barneskulen. Øyatun skule delte elevane på to julegudstenester, med deltaking av elevane men utan allsong.

Det har ikkje vore julevandring for barnehageborn og heller ikkje påskevandring for 1. klasse.

Siste gudstenesta før nedstenging 12. mars var gudsteneste i Fjelberg kyrkje 08. mars i samband med Sunnhordlandsaksjonen for NMS. Gudstenesta for Sunnhordlandsaksjonen i Eid kyrkje i 15. mars vart avlyst p.g.a. korona og speidarane si tenkjedagsgudsteneste i februar gjekk ut p.g.a at speidararbeidet låg nede ei stund.

Fjelbergstemnet vart avlyst i år, men det vart gudsteneste i Fjelberg kyrkje 2. pinsedag kl. 16.30.

Dette var fyrste opne gudstenesta i soknet etter nedstenging 12. mars. Klokkeslettet vart sett slik at ein kunne ta ferja både fram og tilbake då skyssbåten er for liten med koronaavstand.

Det har vore mange dåpsgudstenester i 2020, m.a. var det 3 dåpsgudstenester i Eid kyrkje i staden for høgtidsgudsteneste 1. pinsedag.

Det vart laga digital gudsteneste for 17. mai med visning av alle kyrkjene i Kvinnherad. Det vart også laga digital julaftangudsteneste med innspeling m.a. frå Eid kyrkje. I tillegg har ein laga nokre innspelningar med andakt/ord for helga. Jan-Ove Fagerheim har gjort ein viktig jobb med opptak og redigering.

Det har vore 5 vigslar.

Det har vore 14 gravferder i soknet.

Dåpsopplæring/trusopplæring

Det vart utført 27 dåpshandlingar i 2020, og av desse hadde 21 bustadsadresse i soknet. Dåpsbarna vert vitja av frivillige kyrkjelydsarbeidarar ved eitt-, to-, og tre- års dåpsdagar. Utdeling av Kyrkjeboka til 4-åringar vart i år ein ettermiddag midt i veka. Dette sidan det var vanskeleg å få til i ei vanleg gudsteneste med redusert tal på personar som kunne delta. Slik var det også for 6-åringane som fekk eiga samlinga i Eid kyrkje ein kvardag. For 5-åringane på Halsnøy vart samlinga dessverre avlyst pga. nedstenging. Soknerådet tok på seg å dele ut gåvene (Kirkerottene DVD) til alle 5-åringar i soknet. Babysong (sams tiltak for fleire sokn) vart gjennomført annakvar veke i Valen kyrkje fram t.o.m. slutten av februar. Trusopplæringa fann det ikkje forsvarleg å starte opp att om hausten i Valen kyrkje, fordi det kjem så mange der.

Lys vaken i Valen kyrkje for 10-åringar vart avlyst i november. Det var planar om ei adventsamling for desse, men det vart ikkje høve til å samlast i adventstida heller.

7-8 åringane vart inviterte til Superhelt-gudsteneste med fokus på Kirkens Nødhjelp i Eid kyrkje 10. mars. Dett var to dagar før korona-nedstenging 12. mars.

Tårnagenthelg for 9-åringar hadde vi i Eid 18.-19. januar. Soknerådet stilte med pizza på laurdagen. Tårnagentane deltok på gudstenesta søndag. Ein satsar på Tårnagenthelg annakvart år i Eid kyrkje for to årskull.

11 åringane deltok på KodeB i januar. Her var barn frå nesten heile kommunen inviterte. Det vart ein kjekk dag ilag i Valen kyrkje. Her fekk ein utdelt boka «Tidslinja» .

12 åringane sin kyrkjekino «Narnia» i Uskedalen vart avlyst i november.

For 13 åringane hadde ein planar om ein pilgrimstur til Fjelberg kyrkje i august. Dette fekk vi ikkje prøvd ut i 2020 p.g.a. korona.

Kristine Hestad er einingleiar for trusopplæringa og Toril Langeland er trusopplærar. Marit Lindekleiv har delar av stillinga si i trusopplæringa.

Konfirmantarbeid

Våren 2020 deltok 20 konfirmantar på undervisning i Zoar bedehus. Ansvarleg for undervisninga var prest Eirik Odland Tappel frå Stord. I tillegg laga ei gruppe foreldre til kveldsmat i tilknytning til undervisninga.

Konfirmantane deltek med tenesteoppgåver under gudstenester, som utdeling av salmebøker, tenning av lys, innsamling av takkoffer og deltaking under dåpshandlinga, men etter at koronatiltaka starta har det ikkje vore rom for slik deltaking.

Konfirmantane fekk tilbod om å delta på konfirmantweekend på Brandøy 14.-16. februar, saman med Husnes konfirmantane. Det var 10 konfirmantar som deltok.

Samtalegudstenesta og konfirmasjonen som skulle vore i mai, kunne ikkje gjennomførast då på grunn av Korona, og konfirmasjonsgudstenestene vart flytta til september. Soknerådet vurderte om det var mogleg å halde den tradisjonelle konfirmantfesten som har vore etter samtalegudstenesta, men vurderte at det ikkje var forsvarleg ut frå smittesituasjonen på gjeldande tidspunkt. Innsamlinga til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon vart i år gjennomført digitalt via Facebook direkte til Kirkens Nødhjelp, VIPPS og giro. Resultatet av innsamlinga vart kr. 37864 kr.

Hausten 2020 melde 19 nye konfirantar seg til konfirmasjonsundervisning.

Bibelgruppe

Det har også dette året vore ei open bibelgruppe på bedehuset Zoar, men få samlingar p.g.a. korona. Pål Dale leiar denne.

Kyrkjemusikk

Det har brukt å vore songstund på Halsnøytunet annankvar onsdag. Desse blir godt mottekne av brukarane. Organisten vår, Marit Lindekleiv, har ansvar for desse. P.g.a. korona, vart det dette året berre nokre få slike songstunder. Påskekonserten i Eid 2. april, julekonserten i Eid og syng jula inn i Fjelberg vart avlyst pga korona. Men det vart gjennomført Orgeltonar 14.10 i Eid kyrkje.

Diakoni

I samband med 80-, 85-, 90-, 95- og 100-årsdagar går nokon frå kyrkjelyden med blomehelsing til jubilanten. Det vert også gjeve blomehelsing til jul til dei som har mista ektefelle. I år har soknerådet dessverre ikkje kunna arrangere hyggekveld for dei eldre på Halsnøytunet.

Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet kom ikkje ut i 2020 grunna korona og redaktøren som tok på seg vervet som fungerande kyrkjevevjerje.

Kasserar

Lars Johannes Kroka er framleis kasserar for soknerådet. Kroka har avtale med Kvinnherad kyrkjelege fellesråd, og han vert løna av dei for arbeidet han gjer. Dette er ei stor lette for soknerådet, og vi er svært takksame for arbeidet han gjer. Sverre Bjørnevik har teke på seg revisoroppgåva også dette året.

Klokkarteneste i Eid kyrkje

Også dette året har klokkartenesta vore delt mellom Grethe Svalland, Heidi T. Sjo og Gunn Judith Dale.

Takkoffer

Det vart samla inn kr. 36335,- ved offer/kollekt i kyrkja. Av desse gjekk kr. 8467 til eiga verksemd.

Kontorsituasjonen:

Soknepresten nyttar felleskontoret på Valen, men har i tillegg treffekontor i Eid kyrkje etter avtale. Dette fungerer framleis godt.

Kyrkjegardane

Desse vert fint stelte, og ei særskild takk til kyrkjetenar Idar Bjørgen som tar seg av desse.

Frivillige medarbeidarar

Fjelberg og Eid har mange frivillige medarbeidarar som stiller opp og er med å dra lasset i form av ulike oppgåver som må gjerast. Soknerådet ynskjer å takka dei for ei tru teneste i året som gjekk. Av medarbeidarar kan nemnast revisor, tekstlesar, andakt til lokalavisa, diakonimedarbeidarar, kyrkjevertar , dei som går med dåpshelsing, dei som set opp plakatar og andre.

Personalsituasjonen

Sokneprest Jan Ove Totland

Organist: Marit Lindekleiv

Kontorsekretær/kyrkjetenar: Grethe Svalland

Klokkar; Heidi T. Sjo, Grethe Svalland og Gunn Judith Dale

Kyrkjetenar/gravar: Idar Bjørgen

Reinhaldarar: Idar Bjørgen og Asta Kristin Sveinsdottir

Halsnøy, 17.februar 2021

For Fjelberg og Eid sokneråd

Heidi T. Sjo/Mette E. Hvidevold